

# Notat

---

Går til: Styremedlemmer  
Selskap: Helse Vest RHF  
Dato skriven: 14.06.2007  
Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen  
Sakshandsamar: Ivar Eriksen  
Saka gjeld: **Riksrevisjonen sin undersøking av tilbodet til born og unge med psykiske problem**

**Styresak 058/07 O**  
**Administrerande direktør si orientering pkt. 4**

**Styremøte 27.06. 2007**

Riksrevisjonen har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av tilbodet til born og unge med psykiske problem. Målet med ein forvaltningsrevisjon er å etterprøve korleis offentlege tiltak er sett i verk og å sjå på kva verknader tiltaka har hatt. Utgangspunktet for ein slik revisjon er Stortinget sine vedtak og føresetnader. Det inneber at Riksrevisjonen vurderer om forvaltninga har gjort det Stortinget har sagt dei skal gjere. Forvaltningsrevisjonen skal på denne måten bidra til ein betre og meir effektiv forvaltning.

Ein forvaltningsrevisjon fordjupar seg i problemstillingar innanfor eit avgrensa område. Resultata av forvaltningsrevisjonen blir rapportert til Stortinget i den såkalla *Dokument nr. 3-serien*, som blir sendt Stortinget etter kvart som sakene er ferdig utgreia.

Riksrevisjonen si undersøking av tilbodet til born og unge med psykiske problem blei overlevert Stortinget den 10. mai 2007, jf. Dokument nr. 3:7 (2006-2007). Dokumentet kan lastast ned på Riksrevisjonen si heimeside;

[http://www.riksrevisjonen.no/Revisionsresultater/Dokumentbase\\_Dok\\_3\\_7\\_2006\\_2007.htm](http://www.riksrevisjonen.no/Revisionsresultater/Dokumentbase_Dok_3_7_2006_2007.htm).

Målet med undersøkinga har vore å få utgreidd i kva grad born og unge under 18 år med psykiske problem får eit tilfredsstillande tilbod frå kommunane og poliklinikkane, om samarbeidet mellom tenesteytarane fungerer godt og om kvaliteten i resultatrapporteringa er tilfredsstillande.

Hovudfunna i undersøkinga er som følgjer:

## Hovudfunn I

Produktivitetsindikatorane er ikkje gyldige og pålitelige

- alle pasientar teller likt uavhengig av tal konsultasjonar det aktuelle året
- alle tiltak teller likt uavhengig av varigheit
- produktiviteten blir endra utan at det har si årsak i endringar i tenesteproduksjonen – uheldig å knytte finansieringa direkte til registrering av behandlingsaktivitet

## Hovudfunn II

Behandlingstilbodet for born og unge er ikkje likeverdig

- stor ulikskap i kapasitet og tal spesialistar mellom poliklinikkane og mellom helseregionane
- ingen samanheng mellom kapasitet og ventetid
- ventetida er lang og den er aukande
- ulikskapen i det kommunale tilbodet er vesentleg større enn i det polikliniske

### Hovudfunn III

Arbeidet med kvalitetssikring er ikkje godt nok

- betydelige manglar i internkontrollen – berre ein tenesteytar har eit heilskapleg system
- planverktøy blir i liten grad nytta –individuell plan og utgreiings- og behandlingsplan er næraast fråverande

### Hovudfunn IV

Mangelfullt samarbeid mellom tenestene

- samarbeidsverktøy blir ikkje nytta som føresett – gjeld mellom anna individuell plan, ansvarsgrupper, tilvisingar og epikrisar
- uklart ansvar og manglende samarbeidsavtaler – to tredeler av dei kommunale tenestene ser ansvarsgrensene som uklaare

### Hovudfunn V

Kvaliteten på styringsdata er for dårlig

- data manglar generelt for dei kommunale tenestene
- store manglar i data for poliklinikkane
- Helse- og omsorgsdepartementet har ikkje tilstrekkeleg oversikt over utviklinga innanfor barne- og ungdomspsykiatrien